

Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO₂ til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Erstad
Rådgivande Agronomar AS

Introduksjon

Det 26. møtet i oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO₂) under Arbeidsgruppe 9 (Vassverkskjemikalie) vart halde hos Den tyske kalkforeininga i Köln 16. april. Det møtte 6 ekspertar frå Tyskland, Belgia og Noreg. Underteikna møte for Noreg.

TG5 hadde i dette møtet føre seg fleire revisjonar, 4 skulle til UAP (*Unique Acceptance Procedure*, samanslått CEN-høyring og Formell røysting), 1 var på FV (Formell røysting), mens den store metodestandarden må gjennom ein større revisjon og oppdatering.

Revisjon av EN 936 – CO₂ (karbondioksid)

Denne reviderte standarden skal ut på UAP i slutten av april 2013, vart forseinka i høve til fristar i 2012 innan AFNOR, det franske standardiseringsforbundet som er sekretær for CEN/TC164. Dessutan er fransk versjon enno ikkje klar. Det var gitt nytt arbeidstema frå AFNOR for dette avsluttande revisjonsarbeidet med standarden.

Herr Uwe Fischer (D) vil sende standarden ut til siste kommentarrunde hos IGV (Industriegasverband).

prEN 16409 – Brentdolomitt på Formell røysting

Standarden er for tida til FV (*Formell røysting*). Sjølv hadde arbeidsgruppa redaksjonelle merknader til hovudteksten. Det var uryddige punkt

på viskositet det må ryddast opp i (pleonasme i underavsnitt 3.3.8 og 3.3.9).

Frå tysk side hadde nett kravet om maksimalt innhald av Fe og Mn dukka opp i samband med mineralisering, som er hovudbruksområde for brentdolomitt. Ved mineralisering vil nettopp alt løysast ut i vatnet, i motsetnad til i filtermassar der desse elementa vert haldne tilbake. Fe og Mn er akkurat element som skjemmer ut dei overflatene som dei kjem i kontakt med ved drikkevassforsyninga.

5-års-revisjon EN 1018 – Kalsiumkarbonat

prEN 1018 hadde vore på UAP fram til desember 2012. Den reviderte standarden var godkjent, men av kommentarar var det berre tyske som var innkomne.

Notar om porøse og ikkje-porøse kalsiumkarbonat under tab. 1 (pkt. 5.2) vert fjerna, og ein viser til Appendiks B (metode for overflateanalyse, BET). Ein ville ha avklart reinleikskrav for kalk brukt til mineralisering av ferskvatt produsert frå sjøvatn. Også her kom det opp spørsmål om grenseverdier for Fe og Mn under tab. 2 Ureinleikar (pkt. 5.3).

Det vart semje om NOTE under tab. 2: *“The user may specify limits for iron or manganese, if used for remineralisation process.”*

I A.2.2 vert det presisert at grense (aksept) på 10% for over- og underskriding gjeld for overkorn

eller underkorn, altså uavhengig av kvarandre, som sjølvstendige krav. Deretter kan standarden gå til DIN og AFNOR for ny UAP – den førre står på vent grunna dei tyske innvendingane.

5-års-revisjon EN 12518 – Kalsinert kalsiumkarbonat

Tryggleiksføresegner i vedlegg B.2.1. var alt oppdatert. Ein hadde tatt dette frå EN 16409 Brentdolomitt.

Det reviderte utkastet vil verte sendt til DIN og AFNOR for UAP.

5-års-revisjon EN 1017 – Halvbrent dolomitt

Reglar om førstehjelp under B.2.2 måtte oppdaterast, på line med andre kalsinerte produkt. Det har dei siste åra vorte meir utførlege krav til tekst i standardane når det gjeld personleg vern ved handtering.

Forbetringstillegget frå 2009 vart inkludert i den reviderte standarden. Dette galdt CAS-nr. og EINECS-nr. som vi hadde måtta endre i samsvaret med utviklinga innan REACH-direktivet.

Også dette reviderte framlegget til standard vil verte sendt til DIN og AFNOR for UAP.

Revisjon og oppdatering av EN 12485 – Testmetodar

Eit litt større arbeid trengst med omarbeidinga, med assistanse frå den tyske arbeidsgruppa som arbeider med metodikk innan kalkindustrien. Standarden må på overtid utvidast frå CaCO_3 , kalsinert CaCO_3 , halvbrent dolomitt til også å omfatte rådolomitt, MgO og brentdolomitt. Arbeidet bør gjerast innan utgangen av juli, før tysk ferietid. Det vart gjort avtale om eit arbeidsmøte 16. mai i denne Arbeitsgruppe Prüftechnik (Working Group on Methodology). Her ville Mr. Martin Boike, Mr. Uwe Fischer og Dr. Hans-Martin Schiffner frå TG5 møte.

Deretter må standarden gå til *CEN Enquiry* grunna dei omfattande endringane.

Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til tysdag 13. november 2013 hos Rheinkalk GmbH i Wülfrath.